



Ashild Sjøwall er framleis eldsjel nummer ein i bygda når det gjeld idrettsmerketaking. (Foto: Ola Matti Mathisen)

August er her og det tyder at det er tid for å ta idrettsmerkeprøver for alle over 16 år. Den første prøva på Heio er tysdag ettermiddag og dei tre eldsjelane i leiinga for merkenemnda held fram også i år.

Åshild Sjøwall, Kurt Haugland og Steinar Kroka har håp om at det skal bli fleire som tek merket i år enn i fjor. Då var talet 11 etter auke med ein samanlikna med 2006. Spesielt er det grunn til å etterlysa fleire menn og unge. Dette er ein fin måte å halda seg i form på!

Supereldsjel Åshild rundar snart 72, men gjer det klart for uskedalen.no at ho skal ta merket også dette året. Neste år vil ho få 50-årsmerket etter dei nye reglane. Ho har mista berre eitt år sidan ho tok idrettsmerket første gongen i 1964 og det året hadde ho lovleg forfall: Ho måtta skifta ein hjarteklaff!

Det er prøvene i spenst, hurtigheit og styrke som skal avviklast tysdag og held fram neste tysdag, begge dagar kl. 17.30.

Uthaldenheitsprøva er meir opp til den einskilde fordi ein kan både springa, gå, sykla, symja eller gå til fjells.

Av Ola Matti Mathisen